

# Voss Utferdslag



NVE, Konesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 OSLO

Dykkar referanse: 201005093-10  
Saksnr: 201005093

## Høyringsuttale Urdlandselvi kraftverk.

Voss Utferdslag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadene i Vossapakka.

Elva ligg som sidevassdrag til verneområdet Vossovassdraget. Det bør av den grunn ikkje være aktuelt med konsesjon. Prosjektet vil i anleggsfasen ha ein korridor på om lag 15 – 20 meter langs røyrgate, dette betyr store sår i naturlandskapet. I tillegg vil ein måtte legge til rette for ein 100 m lang kabel i grunn for kraftlinje. Kraftverket vil tidvis nærast tørrelegge elva i eit strekk på 1600 m. I flaumperioder / periode med mykje vatn vil vatnet kunne være med å forsterke flaumvanskane ved å renne fortare og gje mindre naturleg absorbering fram til den flaumutsatte Raundalselva. Prosjektet viser til at området er utbygd, mellom anna med kraftledning. Dette er ikkje å sjå på som ei legitimering av meir utbygging. Snarare tvert imot.

Prosjektet forklarar: «Det foregår ingen form for organisert friluftaktivitet i området som vil være gjenstand for negativ påvirkning på grunn av tiltaket. Tiltaket vil snarere gjøre området mer anvendelig og tilgjengelig for grunneiers bruk, og friluftaktivitet generelt.» For Voss Utferdslag sin del så har me mykje organiserte turar i området. Hittil i 2017 har me hatt 4 turar i dette området. Utbetring av veg for auka tilgjenge er det ikkje trong for, då veg pr dd er i god nok stand. Mellom anna fordi området har mykje hytter / stolar, ein camping samt nokre private bustader. Området er svært mykje nytta som friluftsområde.

Utbygginga det er søkt om gir liten effekt sett i forhold til dei negative konsekvensane av utbygginga. Her er potensielt stort tap av urørt natur, med inngripen i naturmangfaldet og dei konsekvensar det har for notid og framtid. Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Større mengder vatn, med større fart vil påverke flaumbilete. Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med konsekvensar for totalbiletet.

Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av røyrgate, anleggsveg, anleggsplass, kabelgrøft, og kraftverk etc. Vannjolo, Tesgiolo og Gosland utbyggingane er eksempel på kor skjemma det vil bli visuelt og for friluftsliv. Me meiner det er viktig å vektlegge kor viktig urørt natur er for mangfaldet, og til friluftsliv/rekreasjon. Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur her lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein rå i frå konsesjon til fleire.

Voss Utferdslag vil rå i frå at Urdlandselvi kraftverk vert gitt konsesjon.

# Voss Utferdslag



Voss 09.03.2017

Richard J. Jacobsen  
Styreleiar

Toril Hunnålvatn  
Dagleg leiar